

Møtereferat

FAU Brattholmen Skule

Tid: 18/10 2011 kl 19:00
Møte avslutta kl 21:30

Sted: Brattholmen Skule

Oppmøtt: Monica Straume (1A), Håkon Winterseth (1B), Monica Hauge (2A), Tone Bærtvedt (2B, for Monica Falch Olsen), Jorunn Holm (3A), Inger Sekkingstad (5A), Sissel Soltvedt (5B), Kristina Lund Kvalsvik (6A), Helene Thorbjørnsen (6B), Line Nordland (7A), Nina Eide (7B) Rektor Arne Bjørøy

Ikkje møtt: Elisabeth Møll Jung (4A) Meldt fråfall
Christian Lie (3B)
Vidar Straume (4B)

Sak 1 Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjent

Sak 2 Gjennomgang av forrige møtes referat

Kommentar til sak 8, Brattisdisco

Skulen har noko utstyr til anlegg ståande. Me skal sjå kva som manglar, og evt supplere til dette i staden for å kjøpe alt nytt. Monica H tek kontakt med Vidar Straume slik at dei kan sjå på dette ilag.

Kommentar til sak 3, fordeling av ansvarsområder i FAU

Inger Sekkingstad har ikkje fått oppgåver. Ho vert vara sekretær samt luseansvarleg (sjå sak 5).

Elles ingen kommentar til referat.

Sak 3 Årsplan 2011/2012

Vert utsatt då Elisabeth er sjuk

Sak 4 Trafikksikringsgruppa

Jorunn har oversikt over medlemmane og kallar inn til møte. Inger Sekkingstad ynskjer også å gå inn i gruppa. Det er viktig å få gruppa opp og gå att. Innspel frå Arne Bjørøy at det bør vere vakt nokre morningar for trafikken er kaotisk.

Sak 5 Lus

Årets «luse-sesong» er i gang. Det vart vedtatt innkjøp av lusekamar som skal delast ut til elevane. Forslag til «Luseaksjon» i veke 35 kvar haust; då delast kamar og informasjon ut. På denne måte håpar vi å minske problemet. Skulen har levert ut informasjon til alle elevane.

Sak 6 It's learning

Klassekontaktar og FAU medlemmar har motteke innlogging frå It's learning. Arne oppfordrar alle å logga seg på med den informasjonen me har motteke. Vi tek ein gjennomgang av bruk på neste møte.

- Sak 7 Trivselsleiarar**
Arne informerer at leiarane har gått godt inn i rollene sine og det fungerer bra. Nokre aktivitetar er meir populære, og aktivitetar som gjev problemstillingar (eit born vart skada under leik) vert innskrenka. Elles er det så langt eit positivt tiltak.
- Sak 8 Brattisdisco**
Monica H informerer. Første brattisdisco vart avlyst på kort varsel. Monica ynskjer å vere strengare i forhold til avlysningar, disco'en er noko ungene gledar seg til. Det vart bestemt at 5-klasse skal arrangere disco 02/12. Monica H sender ut revidert liste.
- Sak 9 Skulegensar**
FAU ynskjer ikkje å ta saka vidare.
- Sak 10 Julekomite**
Arne informerer angående årets arrangement. Det vert ikkje arrangert den tradisjonelle juleavslutninga. Det nye skulebygget skal ferdigstillast i januar 2012, og i den samanheng skal det vere stor feiring på Brattholmen Skule. Elevane skal ha framsyningar i den samanheng og det vert difor ikkje kapasitet til å øve inn noko til før jul. FAU vil og få mulighet til å delta, med loddsal eller liknande. Kvar klasse står fritt til å arrangere si eiga avslutning.
- Sak 11 17.mai komite**
Helene informerer. Ho har mail adressene til alle medlemmane på plass, samt logg frå fjoråret. Helene og Håkon kallar inn til møte for å setje framdriftsplan og retningslinjer. Kåre Bjorøy har sendt ut mail med arbeidslister for klassene.
- Sak 12 Eventuelt**
- På heimesida kan vi legge ut informasjon som f.eks malar til klassekontaktene og «bruksanvisning» for gjennomføring av Brattisdisco. Det er godkjent av Arne.
 - Konferansetimar – dersom foreldre treng meir tid enn dei oppsatte 20 minutta kan dei få time etter at alle konferansetimar er gjennomført. Dersom foreldra har ting dei vil ta opp – ta kontakt med læraren!
 - Regnskap – fjorårets regnskap vart gjennomgått. Monica S set opp budsjett for komande år.
 - Zero – revisjon. Antimobbepplana skal reviderast kvart år, og Arne inviterar no til å kome med forslag til endringar. SMU går gjennom planen og kjem med forslag til endringar til neste FAU møte.
 - Tema arrangement – Sissel informerer om Barnevakten sine foredragstema. Dei har opplegg for både born og foreldre i forhold til nettvett, digital mobbing, mobilvett og liknande. Forslag: Redd barna vert kontakta for å høyre kva tema og tilbod dei har. Redd Barna sine opplegg er gratis, medan Barnevakten tek betalt. Det var einighet om at det passar best å legge eit slikt opplegg på nyåret.